

Handlingsplan for kvalitet i utdanningane ved Høgskulen i Volda – 2019-2021

NOKUT kallar heile studenten sitt liv på ein lærestad, frå opptak til mottatt vitnemål, for studenten si *læringsbane*. Det skal vere kvalitet i alle ledd, frå studenten si første kontakt med lærestaden gjennom god informasjon ved opptak – og heilt til studenten går ut frå institusjonen med eit vitnemål i handa.

HVO har valt åtte kvalitetsområde som skal utgjere strukturen for kvalitetssystemet og som skal kvalitetssikre studenten si læringsbane:

1 Kvalitet på rekruttering, informasjon og studentmottak

Handlar om god informasjon om studiane, målrette rekrutteringsarbeid, rettleiing til søkjarar, opptak og mottaking av nye studentar, høgskulen sitt arbeid med å integrere nye studentar i læringsmiljøet og gi god oppfølging første studieår

Mål	Tiltak	Ansvarleg	Tidsrom
Søkjarar skal ha god informasjon om studietilbodet ved HVO og om Volda som studiestad	Spørjeundersøking om studiestart	Kommunikasjonssjef/ Studiedirektør	Kvar haust
	Årleg revisjon av rekrutteringsplanen	Kommunikasjonssjef	Kvar haust
	Søklarrettleiing	Studiedirektør	Løpande
	Universelt uforma nettsider	Kommunikasjonssjef	Løpande
	Relevant informasjon i høve til forventingar, innhald og krav i studiet	Avdelingane	Løpande
HVO skal ha god inntakskvalitet	Vurdering av opptakspoeng der det er mogleg	Studiedirektør	Vår og haust
HVO skal bidra til ei god fadderordning og gi ein god oppstart for nye studentar	Opplæring av fadderar	Studentparlamentet	Kvar sommar
	Årleg prosjekt om studiestart	Studiedirektør/rektor/ leiarar i fellesadministrasjonen	Kvar vår og sommar
	Orientering om tilbod om tilrettelegging og rådgiving	Studierettleiar og studentsamskipnaden	Kvar haust og vår
	Kurs i studieteknikk i høgare utdanning	Fellesadministrasjon/biblioteket	Kvar haust
	Kurs om trygg ferdsel i naturen for nye studentar	AKF	Kvar haust og vår

2. Rammekvalitet

Femner om økonomiske ressursar, organisatoriske strukturer, infrastruktur (til dømes bibliotek, IKT og digital teknologi), studieadministrative støttetjenester og god informasjon undervegs i studieløpet. Femner om studenten sitt psykososiale læringsmiljø

Mål	Tiltak	Ansvarleg	Tidsrom
HVO skal tilby eit godt læringsmiljø med universell utforming	Årleg rapport til styret frå læringsmiljøutvalet	Læringsmiljøutvalet/ studiedirektør	Kvar desember
	Rutinar for innmelding og handtering av uheldige hendingar for studentar	Studiedirektør	Løpande
	Årleg dialogmøte med avdelingane, der læringsmiljøet for studentar er tema	Læringsmiljøutvalet	Løpande
HVO skal ha eit inkluderande læringsmiljø	Tilby tilrettelegging for studentar med særlege behov	Studierettleiar	Løpande
Studentar skal ha medverknad på avgjerdsprossar ved HVO	Faste møter mellom rektor, direktør, studiedirektør, leiar og nestleiar for Studentparlamentet og direktøren for Studentsamskipnaden	Leiinga av Studentparlamentet	Løpande
	Studentar skal vere representert i styre, råd, utval og relevante prosjekt	HVO og studentparlamentet	Løpande
	Resultata frå kvalitetsutval, emne- og studieprogramrapportane blir publiserte i Canvas	program- og emneansvarleg	Kvart semester
HVO skal tilby eit godt administrativt støtteapparat	Evaluering av studieadministrative tenester og IT-tenester	Studiedirektør/IT-leiar/Canvas-ansvarleg	Løpande
	Kompetansehevingstiltak for administrative tilsette	Direktør/personalsjef	Løpande
HVO skal ha eit tilgjengeleg fagbibliotek med relevant litteratur og kunnskapsbasar som held høg kvalitet	Årleg gjennomgang av prioriteringar og rutinar i samband med innkjøp og tilrettelegging av informasjon	Bibliotekleiar	Kvar år
	UH-nettverk	Bibliotekleiar	
HVO skal ha eit internasjonalt og mangfaldig læringsmiljø	HVO skal arrangere internasjonalt dag årleg	Internasjonalt kontor	Kvar februar
	HVO skal bemanne Pangaia, den internasjonale treffstaden	Studiedirektør	Løpande
	HVO skal arrangere internasjonalt klubb	Pangaia	Løpande
	IK skal tildele «Certificate of Internationalisation»	Internasjonalt kontor	

3. Programkvalitet

Handlar om kvaliteten på studieplanane, gjennomføringa av studia og korleis studieprogramma er utforma for at studentane kan oppnå læringsutbyttet. Inkludert internasjonalisering ute og heime

Mål	Tiltak	Ansvar	tidsrom
HVO skal kvalitetssikre nye studieprogram og nye emne	Rutinar for internakkreditering av nye studieprogram	Utdanningsutval	Løpande

	Ekstern fagfelleevaluering av nye studium / emne	Dekan/studieleiar/ program og emneansvarleg	Løpande
	Ekstern sensur første gong emnet blir gjennomført	Dekan og emneansvarleg	Løpande
HVO skal ha tilsyn med eksisterande studieprogram	Studieprogramevaluering: Utdanningsutvalet peikar årleg ut 3-4 studieprogram som skal ha studieprogramevaluering. Studieprogram kan også be om å bli evaluert	Dekan og programansvarleg/studieleiar ved dei utpeika utdanningane i samarbeid med Utdanningsutvalet	Løpande
	Kandidatundersøking på utdanningane som er peika ut for studieprogramevaluering (studentar som gjekk ut 1-3 år tilbake i tid)	Studiedirektør	Løpande
	Krav om ekstern sensur minimum kvart tredje år	Emneansvarleg	Løpande
	Intern evaluering: Alle studieprogram skal evaluerast fortløpande	Programansvarleg/studieleiar	På slutten av kvart studieår
	Alle emne skal evaluerast fortløpande	Emneansvarleg	På slutten av kvart semester
	Obligatoriske kvalitetsutval på alle fleirårige utdanningar og ev. på emnenivå	Dekan, program- og emneansvarleg, faglærar	Løpande
	Nettstudium skal ha tilpassa ordningar for kvalitetssikring	Dekan, studieleiar/program- og emneansvarleg	Løpande
HVO skal ha god utdanningsleiing på alle nivå	Alle studieprogram skal ha ein program- ansvarleg/studieleiar	Dekanane	Løpande
	Klar rolle- og ansvarsskildding for studieprogramansvarleg og studieleiar	Dekanane/utdanningsutval	Løpande
	Opplæring av studieprogramansvarlege	Dekanane/utdanningsutval	Løpande
HVO skal syte for heilskaplege utdanning og ivareta samanheng i studieprogramma	Studieprogramrapport/ periodisk evaluering av studieprogramma	Studieprogramansvarleg/ Studieleiar	Løpande
	Årleg revisjon av studieprogrammet på bakgrunn av evalueringsrapportane	Studieprogramansvarleg/ Studieleiar	Kvar desember /januar
Alle studieprogram skal ha naturleg integrerte og relevante internasjonaliseringskomponentar også for studentar som ikkje vil reise på utveksling	Årlege møter mellom Internasjonalt kontor (IK) og studieprogramma	Internasjonalt kontor og studieprogramansvarleg/studieleiar	Løpande
	Tilbakemelding og forslag til tekster om internasjonalisering i studieprogram	Internasjonalt kontor og studieprogramansvarleg/studieleiar	Løpande
	Alle studieprogram bør tilby emne på engelsk som er relevant	Studieprogramansvarleg/ Studieleiar/dekanane/ emneansvarleg	Løpande

	for både lokale og internasjonale studentar		
HVO skal tilby studentar og fagtilsette utanlandsopphald ved anerkjende utanlandske utdannings- og forskingsinstitusjonar	Tett kontakt med utanlandske institusjonar	Programansvarleg/studieleiar, dekan, studiedirektør	Løpande
	Studentevalueringar (som del av brukarundersøking og/eller kandidatundersøking)	Studiedirektør, programansvarleg/studieleiar, dekan	Løpande
HVO skal syte for varierte undervisnings- og vurderingsformer, tydelege læringsutbyttebeskrivingar og samanheng mellom desse	Studieprogramrapport/periodisk studieprogramevaluering, sensorrapportar	Studieprogramansvarleg/ Studieleiar/ emneansvarleg	Løpande
	Årleg revisjon av studieprogrammet på bakgrunn av evalueringsrapportane	Studieprogramansvarleg/ Studieleiar	Kvar desember /januar
HVO skal tilby studentar rettleiing knytt til planlegginga og gjennomføringa av studiet deira	Tilbod om utdaningssamtalar for studentar på studieprogram på 60 studiepoeng eller meir	Programansvarleg/ studieleiar	Løpande
	Studierettleiing	Studierettleiar i studieadministrasjon	Løpande
HVO skal ha høg svarprosent på Studiebarometeret	HVO skal oppsøke alle 2. årsstudentar på bachelor- og mastergrader, og informere om Studiebarometeret, og gi studentane tid og rettleiing til å svare på undersøkinga	Prorektor og studiedirektør	Kvar haust
	Studentparlamentet skal informere og engasjere dei tillitsvalde og medstudentar, slik at svarprosenten ved HVO blir høg	Studentparlamentet	Kvar haust

4. Undervisningskvalitet

I arbeidet med undervisningskvalitet skal læring vere ein studentaktiv prosess som fremmer refleksjon og sjølvstende. Kvalitetsarbeidet skal bidra til at studentane møtast med eit nært og innovativt læringsmiljø, og med høge krav til kunnskapar og ferdigheiter. Kvalitetsarbeidet skal legge til rette for varierte undervisnings- og læringsformer og vurderingsformer som bidrar til at studentane etter fullført studieløp har oppnådd læringsutbytte.

Mål	Tiltak	Ansvar	tidsrom
Studentane skal møte relevant innhald, aktiviserande arbeidsmåtar og varierte vurderingsformer	Utvikling av faglege fellesskap for emneansvarlege.	Deknar/instituttleiarar	Løpande
	Sette av tilstrekkelege ressursar til emneansvar	Deknar/instituttleiarar	Løpande

	Opplæring av fagtilsette i digitale lærings- og vurderingsformer	Beta (e-læringsstøttegruppe)	Løpande
	Erfaringsutveksling mellom fagtilsette-seminar	utdanningsutval	Årleg
	Digital lunsj	Beta	2 per semester
HVO skal syte for (mest mogleg) universell utforming av undervisninga	Årleg revisjon av studieprogrammet på bakgrunn av evalueringsrapportane	Studieprogramansvarleg/ Studieleiar	Kvar desember/januar
	Årleg gjennomgang av undervisningsarealet	Driftsleiar/dekanane	Løpande
	Opplæring av tilsette i digitale lærings- og vurderingsformer og god pedagogisk bruk av digitale ressursar	Beta (e-læringsstøttegruppe) Prosjektgruppa for digiglu	2019-2021
HVO skal syte for at studentar kan gi tilbakemeldingar undervegs i studiet	Emneevalueringar og gjennomføre møte i kvalitetsutval	Studieprogramansvarleg/ Studieleiar/emneansvarleg	Løpande
	Sei i frå-knappen	Studiedirektør	Løpande

5. Resultatkvalitet

Kvalitetsarbeidet skal bidra til at studentane oppnår læringsutbytte. Resultatkvalitet femner også om studenten si personlege utvikling og gjennomføring.

Mål	Tiltak	Ansvar	tidsrom
HVO skal ha løpande oversikt over gjennomstrøyming og karakterfordeling mellom kandidatane	Analyse av strykprosent, karakterfordeling og karakterutviklinga over tid	Dekanoar/studiedirektør	Kvar haust
	Utarbeide statistikk om samanhengar mellom inntakskvalitet og resultatkvalitet innanfor utvalde utdanningar	Studiedirektør/ programansvarleg/ studieleiar	Kvar haust
HVO skal sikre at studentane får rettferdig vurdering	Alle emne skal ha ekstern sensur minst kvart tredje år Alle eksamenar skal ha ei sensorrettleiing	Dekanoar/emneansvarleg Emneansvarleg	Løpande
HVO skal vere blant dei beste på gjennomstrøyming på bachelorgradene	Analyse av studieprogresjon og gjennomstrøyming på bachelorgradene	Studiedirektør/dekanoar/ Programansvarleg Studieleiar	Kvar haust
	Tett oppfølging av studentar som er forseinka – innkalling til utdanningssamtale	Programansvarleg/ studieleiar	Løpande
HVO skal auke gjennomstrøyminga på mastergradene	Følgje opp tiltaka i handlingsplanen for gjennomstrøyming på mastergradene	Dekanoar/programansvarleg/ studieleiar	Løpande
	Utdanningsutvalet skal evaluere handlingsplanen for gjennomstrøyming på mastergradene	Utdanningsutval	Vår 2020

HVO skal arbeide for å oppnå forståing i samfunnet for mastergrader som livslang læring	Alternativ organisering av mastergrader	Dekan, programansvarleg/studieleiar	Løpande
---	---	-------------------------------------	---------

6. Relevanskvalitet

Kvalitetsarbeidet skal styrke utdanninga si relevans slik at den møter samfunnets behov og arbeidslivets krav. Studentane skal utvikle kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse som bidrar til at dei kan fornye det yrkes- og samfunnsliv dei blir ein del av og meistre eit samfunn og arbeidsliv i endring.

Mål	Tiltak	Ansvar	tidsrom
HVO skal tilby studieprogram som er relevante for arbeid i privat og offentleg sektor	Tett kontakt med praksisfeltet, samt tilbakemelding/evaluering frå praksisstad og studentar i praksis	Program- og emneansvarleg/studieleiar	Løpande
	Skildring av læringsutbytte i tråd med kvalifikasjonsrammeverket i alle studie- og emneplanar	Dekan, program- og emneansvarleg/studieleiar	Kvar revisjon
HVO skal ha tilsette med relevant erfaring frå praksisfelt	Vurdere kva krav vi set med tanke på erfaring i utlysingstekst og ved tilsettingar	Dekan og personaldirektør	Løpande

7. Kompetanse

Utdanningskvalitet avhenger av faglærer sin faglege og pedagogiske kompetanse. Kvalitetsarbeidet skal sikre at faglærarar har kompetanse innan pedagogisk bruk av IKT og kan bruke IKT og digital teknologi i undervisning, læring og vurdering. Kvalitetsarbeidet skal fremme FoU-basert undervisning. Det føresett at lærarar er oppdaterte om den internasjonale forskingsfronten og sjølve er aktive forskarar eller knytte til eit forskingsmiljø. Kvalitetsarbeidet skal legge til rette for å styrke formidlingskompetansen, og for at undervisninga er basert på forskning om korleis læring skjer og korleis undervisningskvalitet kan styrkast.

Tiltak	Konkret	Ansvar	tidsrom
HVO skal ha fagleg tilsette med høg kompetanse	Forskningsprogram Kompetansehevingsprogram (lenke til HMS-system)	Rektoratet/direktør/ dekanar/personalsjef/ forskingssjef	Løpande
	System for pedagogisk basiskompetanse	Rektoratet/direktør/dekanar /personalsjef	Løpande frå 01.08.2019
	System for merittering av undervisar	Styret/rektoratet/direktør/ dekanar	Frå 01.01.2020
	Prøveforelesing med digitale verktøy ved vurdering av tilsetting	Dekanar	Løpande
HVO skal følgje opp kompetansehevingstiltak i handlingsplan for digitalisering	Allokere ressursar til kompetanseheving av fagtilsette i digitale lærings- og vurderingsformer	Styret/rektoratet/direktør/ dekanar	Løpande

8. Leiingskvalitet

Kvalitetsarbeidet og -systemet skal bidra til HVO si evne til å leie kvalitetssikring og kvalitetsutvikling av eiga verksemd.

Mål	Tiltak	Ansvar	Tidsrom
HVO skal ha tydeleg leiingsforankring av kvalitetsarbeid	Leiarar på alle nivå har eit klart definert ansvar i kvalitetsarbeidet	Utdanningsutval/prorektor/ studiedirektør	Løpande
	Evaluering og revisjon av retningslinjer og prosesser knytt til kvalitetsarbeid	Utdanningsutval/prorektor/ studiedirektør	Løpande
HVO skal ha ei råd- og utvalsstruktur som sikrar at kvaliteten blir ivaretatt	Gjennomgang av råd- og utvalsstrukturen	Styret/rektoratet	2019-2020
HVO skal ha tydeleg definert rutinar og prosesser for rapportering til styret og tilbake til fagtilsette og studentar i avdelingane	Kvalitetsrapport og kvalitetsarbeid som tema i avdelingsråda	Dekantar	Løpande